

MILJØPARTIET DEI GRØNE I KVINNHERAD

Partiprogram 2023-2027

For alle, for alltid

miljøpartiet
dei grøne

kvinnherad

INNLEIING: Grøn utvikling i Kvinnherad

Miljøpartiet Dei Grøne meiner at det skal vera mogleg å leva godt og miljøvenleg som innbyggjar i Kvinnherad, og at lokalsamfunnet vårt må organiserast og planleggast slik at det blir ein viktig del av løysinga på miljøproblema.

Vi går til val på eit politisk program som peikar ut ei ny berekraftig og framtidsretta samfunnsutvikling for kommunen vår, med fokus på naturvern, grøn omstilling og livskvalitet for alle, framfor stadig aukande forbruk.

Naturkatastrofane rundt om i verda viser at klimaendringane i større og større grad påverkar oss alle, og i sommar har vi også merka konsekvensane i vårt eige trygge Norge. Klimakrisa vil også påverka lokalpolitikken i Kvinnherad, og Miljøpartiet Dei Grøne vil ha ei auka satsing på utsleppskutt, miljøvern, reine fjordar, fornybar energi og tiltak for å tilpassa oss ei framtid med meir nedbør, flaum og skred.

Livskraftige lokalsamfunn treng eit livskraftig næringsliv. Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer å leggja til rette for berekraftige og miljøvenlege arbeidsplassar i nærmiljøet. Vi ynskjer levande marknader med kortreist mat og lokale tenester, levedyktig landbruk og havbruk, og fokus på framtidsretta løysingar. Kort sagt vil vi at Kvinnherad skal vera ein føregangskommune rusta til å møte morgondagens utfordringar, samstundes som ein sikrar livskvalitet for innbyggjarane.

Eit levande sentrum som legg til rette for møte mellom folk og næringsliv vil bidra til meir mangfald, meir innovasjon og større grad av lokalt eigarskap i næringslivet. Av denne grunn vil Miljøpartiet Dei Grøne i Kvinnherad arbeida aktivt for å styrkja Husnes som regionsenter. Samtidig vil vi leggja forholda best mogleg til rette for at folk kan bu i dei andre bygdene. Dette betyr både satsing på kommunale tenester, arbeidsplassar, gode kommunikasjonar og ikkje minst trygge, framkommelege vegar.

Økonomi

Minst to tredelar av kjende fossile energireservar må bli liggjande urørde, i følgje FNs klimapanel. Norsk økonomi er svært oljeavhengig, og det er difor naudsynt med ei kontrollert nedbygging av oljeindustrien.

Norge og norske kommunar må også trekkja sine investeringar ut av fossile næringar. Vi må stilla miljøkrav ved innkjøp og la miljø vektast tungt.

Gjennom Kraftfondet og store inntekter frå vasskraftproduksjonen har Kvinnherad kommune ein robust økonomi, og gode høve til å påverka eigne inntekter. Kommunen har såleis eit relativt stort handlingsrom.

Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer at ein størst mogleg del av Kraftfondet blir plassert i grønne og

miljøvenlege verdipapir/fond, og i tillegg ynskjer vi at pengane i større grad blir plassert i sikre renteberande papir for å unngå svingingane i aksjemarknaden.

I ein sunn kommuneøkonomi skal kommunen vera godt rusta til å gje innbyggjarane sine så gode tilbod som mogleg, med særleg vekt på skule/oppvekst og eldreomsorg.

Miljøpartiet Dei Grøne i Kvinnherad vil:

- Plassera kommunen sine investeringar i grønne fond, fornybar teknologi, og grønt næringsliv
- Unngå kapitalplasseringar i spekulativ finansverksemd som hegdefond og skatteparadis
- Bruka den kommunale innkjøpsmakta til klimakutt gjennom krav til utsleppsfrie eller fossilfrie byggjeplassar, i tett dialog med næringslivet
- Avgrensa offentleg låneopptak, og redusera gjeldsgrada i kommunen
- Oppretta ei eiga stilling som klimasjef
- Så langt det lar seg gjere, rehabiliterer heller enn å rive kommunale bygg
- Kommunale nybygg skal som hovudregel vere plusshus, med lågt klimaavtrykk og med moglegheit for lading. Solanlegg skal monterast på alle nye kommunale bygg. Både fasade og tak skal vurderast.
- At ein del av kraftfondet skal nyttast til ein «samfunnsbank», som skal gje økonomisk støtte til lokale berekraftige satsingar

Næringsliv

Miljøpartiet Dei Grøne vil at Kvinnherad skal ta sin del av ansvaret for å utvikla Norge til eit samfunn med mindre oljeavhengigheit og meir grøn verdiskaping. Kommunen skal spela ei aktiv rolle i å stimulera til omstilling og nyskaping i næringslivet, og for god næringsutvikling.

Kvinnherad har eit levande gründermiljø og eit variert næringsliv. Vi ynskjer eit nærare samarbeid mellom kompetansmiljø i regionen for å få til nyskaping, utvikling, og for å ha eit levande og godt næringsliv.

Følgefonnsenteret har her ei svært viktig oppgåve, og Miljøpartiet Dei Grøne vil styrkja senteret og kontakten med dei leiande kunnskaps- og forskingsmiljøa som står bak senteret. Vi vil arbeida aktivt for at Følgefonnsenteret skal bli eit nasjonalt senter for formidling av klimakunnskap og konsekvensane av klimaendringane.

I ein grøn kvardag vil kommunen kunna fungera som rådgjevar, føregangsmodell og pådrivar for å påverka befolkninga og det lokale næringslivet i forbruk og åtferd. Kommunen kan også bidra til å skape marknader for grønne produkt og betre høve for etablering av grønt næringsliv. Miljøpartiet Dei Grøne vil støtta aktivt opp under det vidare arbeidet med Grøn Næringspark, og sikra at parken både blir eit lokalt og eit regionalt fyrstårn innan grøn omstilling.

Miljøpartiet Dei Grøne i Kvinnherad vil leggja til rette for sal av kortreist mat, og utvikla eit naturbasert reiseliv med fokus på opplevingar i urørt natur.

Miljøpartiet Dei Grøne i Kvinnherad vil:

- Ha mål for nye grønne arbeidsplassar, etablering av miljøvenleg næringsliv, og ha attraktive næringsareal tilgjengeleg godt fordelt i heile kommunen
- Aktivt jobba med næringslivet for å skapa ny, fornybar industri knytt til Hydro Husnes og tydeleg kopla til kommunale klimamål
- Styrkja Folgefonnsenteret som eit regionalt fyrtårn innan kunnskapsformidling om klima, berekraft og grøn innovasjon
- Seia nei til anløp av cruiseskip som påfører lokalsamfunnet forureiningar og miljøbelastningar.
- Nytta kommunen sitt næringsfond aktivt som eit viktig verkemiddel for satsing på grønt næringsliv
- Fremja kultur, lokal identitet og naturbasert reiseliv
- Syta for at all næringsutvikling og lokal verdiskaping skjer i tråd med FN sine berekraftmål
- Dreia offentlege innkjøp frå billegaste løysing til løysingar som er dei beste for miljøet
- Ikkje inngå avtalar med leverandørar som nektar tariffavtale med sine tilsette

Landbruk og havbruk

Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for å gjenreisa eit berekraftig landbruk og havbruk basert på lokale ressursar som tryggjer arbeidsplassar, opprettheld busetjing og sikrar gode norske matvarer til forbrukarane.

Berekraftig landbruk

Den reelle sjølvforsyninga i Norge er minkande. Utmarka gror igjen, og stat og kommune går ikkje av vegen for å leggja den beste matjorda under asfalt og betong. Samtidig er det blitt stadig vanskelegare for bøndene å leva av inntektene på garden.

Landbruket i Kvinnherad er viktig for kommunen, og vi er mellom kommunane på Vestlandet med flest heiltidsbønder. Miljøpartiet Dei Grøne meiner at bondeyrket framleis er blant dei viktigaste av alle yrke, og matproduksjonen vil bli stadig viktigare. For rekrutteringa til bondeyrket er det viktig at lønsvået i næringa går opp. Auka lønsemd betyr vidare at det blir enklare å ta omsyn til ein meir miljøvenleg produksjon med fokus på dyrevelferd.

Det er viktig for oss at Kvinnherad har eit levande landbruk som kan produsera kortreist og trygg mat av høg kvalitet med stor fokus på dyrevelferd. Småskalaproduksjon må kunna marknadsførast og omsetjast lokalt. Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for at det i Kvinnherad vert betre kontakt mellom bønder og forbrukarar. Vi vil difor fremja nisjebutikkar, samvirkelag, andelslandbruk, gardsutsal og matnettverk som minskar avstanden mellom bonde og forbrukar.

Miljøpartiet Dei Grøne i Kvinnherad vil:

- Syta for at kommunen tek vare på mest mogleg samanhengande landbruksareal i arealplanane
- Arbeida for ein nullvisjon for nedbygging av matjord, der tungtvegande samfunnsinteresser eller behov på garden må vera einaste unntak
- Understreka at vern av matjord er særst viktig sett frå eit beredskapsperspektiv
- Bevara myrområda som ein buffersone mot store nedbørsmengder og flaum
- Arbeida for systematisk og auka bruk av lokale utmarksbeiteressursar
- Leggja til rette for meir andelslandbruk, kolonihagar, parsell- og skulehagar, samt andre former for matproduksjon
- Aktivt støtta tiltak som reduserer klimagassutslepp frå landbruket, som t.d. lokal biogassproduksjon

Berekraftig fiskeri og havbruk

Havområda, fjorden og elvene rommar enorme naturverdiar og viktige ressursar. Fiskerinæringa er ein arbeidsplass og kulturberar som kan leggja grunnlaget for berekraftig næringsverksemd og matproduksjon i framtida.

I dag tillét styresmaktene stadig vekst i oppdrettsnæringa utan å stilla tydelege miljøkrav. Dette påfører samfunnet store tap i form av ureining av fjordar, vassdrag og økosystem, og dette er ein kritisk trussel mot sjøaure og villaks. Hardangerfjorden er i denne samanheng spesielt sårbar.

Miljøpartiet Dei Grøne vil jobba for å gjera dagens ureinande oppdrettsnæring til ei rein næring for framtida ved å utvikla lukka anlegg som løyser problem ved rømming, lakselus og organiske utslepp. Dersom produksjonen i næringa skal oppretthaldast, må oppdrettsnæringa bli langt meir berekraftig enn i dag. Dette gjeld også fôrråvarene som vert nytta.

Kvinnherad er i risikosona med det vakre fjordlandskapet og dei mange verdfulle elvevassdraga i kommunen. I tillegg har oppdrettsnæringa i dag store utslepp av klimagassar. Vi vil her arbeida for nasjonale krav om nullutsleppsløysingar på alle oppdrettsanlegg og oppdrettsbåtar.

Miljøpartiet Dei Grøne i Kvinnherad vil:

- Sikra betre dyrevelferd hjå oppdrettsfisk, mellom anna ved å innføra lågare maksimumsgrenser for talet på fisk i ein merd
- Stilla strengare krav til oppdrettsnæringa, mellom anna ved å krevja at alle anlegg må lukkast innan 2027
- Ikkje tillata nye konsesjonar utan lukka teknologi
- Forby giftig koparimpregnering og kitinhemmarar som medisin i oppdrettsnæringa
- Arbeida for nasjonale krav om nullutsleppsløysingar på alle oppdrettsanlegg og oppdrettsbåtar

Natur, miljø og klima

Vi kvinnheringar er så heldige å bu langs fjord og fjell. Det gjev oss ein stor verdi i livet å kunne stikka på topptur ein ettermiddag eller lysa etter krabbe ei sommarnatt. Naturen gjev oss økonomisk utbyte – i form av t.d. energi, fisk og turisme.

Det gjev oss også eit ansvar. Vi som bur i kommunen forvaltar denne naturen, og bestemmer om den skal vernast eller brukast. Det vil alltid vera ein balansegang å vurdere nytteverdi opp mot naturens eigenverdi. MDG vil som hovudregel setja naturens eigenverdi først. Når vi vil henta ut verdier frå naturen, må det skje så skånsamt som råd.

MDG meiner at urørt natur er ein av dei viktigaste ressursane Kvinnherad har. Difor vil vi innføre arealnøytralitet, så langt det er praktisk gjennomførbart. Dette betyr at vi vil sørge for restaurering av påverka natur eller tilsvarande naturområde i samband med ny utbygging.

Vi vil ha reine fjordar og rein luft, og vi vil gjera vårt for at utsleppet av klimagassar vert så lite som råd. MDG meiner at det er mykje å henta i å spara energi. ENØK-tiltak bør inn som ein sjølvsgatt i nybygging og ombygging, og bedrifter bør kunna premierast for dokumentert energisparing. Oppgradering og utviding av eksisterande vasskraft-anlegg kan gi ein vesentleg auka produksjon av fornybar energi og MDG vil difor støtte desse tiltak.

Vi står overfor klimaendringar som alt no gjev seg utslag i meir ekstremvær. Det er viktig at kommunen er førebudd på dette, får oversikt over kor vi er sårbare og sikrar mot ras/flaum/brann/tørke og andre moglege konsekvensar. Det er også viktig at vi jobbar målretta med tiltak for å minka utslepp av drivhusgassar. Difor må vi få på plass ein klimaplan med konkrete handlingsplanar for klimatiltak i Kvinnherad, herunder klimabudsjett.

Miljøpartiet Dei Grøne i Kvinnherad vil:

- Arbeida for å følgje opp kommunen sitt vedtekne klimamål gjennom handlingsdelen til klimaplanen, arealforvaltinga, økonomistyringa og gjennom aktivt samarbeid med næringslivet
- Kartleggja naturverdiane i Kvinnherad grundig nok til å kunne forvalte areala etter prinsippet om arealnøytralitet, t.d. etter modell av Nordre Follo kommune.
- Seia nei til vindkraft-utbygging i Kvinnheradfjella, og heller arbeida for:
 - at ENØK-tiltak vert premiært av kommunen
 - oppgradering av eksisterande vasskraftanlegg
 - gjennomføra effektive energisparetiltak i kommunale bygg - konkret mål er å redusera totalt energiforbruk i Kommunale bygg med 50% frå 2020 nivå innan 2030
 - installera solanlegg på 60% av kommunale takareal innan 2027. (Kvinnherad Energi kan vera samarbeidspartnar med kommunen i dette arbeidet)
- Bevara Klosterneset slik det er i dag. Vi seier nei til planlagt industriområde for havvind på Klosterneset
- Bevara naturen og seier difor nei til Sunnfast
- Brannstasjonsstrukturen i kommunen er viktig for beredskapen. MDG vil jobba aktivt for å oppretthalda dagens desentraliserte struktur for å sikre ei kortast mogleg responstid
- Stilla krav om at cruisebåtar må vera utsleppsfrie når dei kjem til Kvinnherad

- Leggja til rette for at privatpersonar, næringsdrivande og bedrifter lettare kan samla opp og levera plastavfall, så det ikkje hamnar ute i naturen
- Stoppa bruken av miljøfarleg gummigranulat på rehabiliterte og nyoppførte kunstgrasbanar
- Arbeida for at komposterbar bioplast skal nyttast og prioriterast som eingongsemballasje der dette er mogleg
- MDG vil arbeida for å gjera Kvinnherad til den leiande grønne kommunen i landet

Samferdsle

MDG sitt viktigaste mål i samferdslepolitikken er at folk flest skal ha eit godt og mangfaldig kollektivtilbod. Dette betyr at det innan kort tid etter valet må setjast stort fokus på at ulike transportar må korrespondera. Det vert opplevt som håplaust å koma til Stord med snøggbåten 5 minutt etter at bussen til Haugesund eller Heiane har køyrt.

Nærast all kollektivtransport skal vera utsleppsfri innan 2030. Dette inkluderer snøggbåtane i distriktet.

MDG vil prioritera tiltak for rassikring og tiltak for mjuke trafikantar. Sykkelvegar står høgt på vår prioriteringsliste, då spesielt i tilknytning til skulevegar.

Miljøpartiet Dei Grøne i Kvinnherad vil:

- Få på plass kortast mogeleg ferjesamband Kvinnherad - Stord snarast råd - dette vil føre til stor miljøvinst
- Prioritera sikre vegar framfor nye vegar
 - Tilfredsstillande vedlikehald
 - Rassikring
 - Fortgang i utbygging av gang- og sykkelvegar langs hovudvegen i tettbygde strøk
 - Vi står ved prioriteringane i Kvinnheradpakken
 - Deretter må Løfallstrand og Uskedalen prioriterast
- Prioritera tiltak for mjuke trafikantar
- Månadskort til 499.- (som gjeld Hurtigbåt, buss, tog og bane)
- Hurtigbåt / Fjord-Metro
- Arbeida for eit godt og korresponderande kollektivtilbod
- Arbeida for at kollektivtransport i størst mogleg grad er utsleppsfri

Helse, omsorg og sosial

MDG registrerer at tilsetjingar i helsesektoren er prega av mindre stillingsprosentar enn det som er vanleg i andre yrke. Vi meiner at dei som ynskjer auka eller full stilling bør få det. I Kvinnherad har det vore vanleg å leiga inn nødvendig hjelp frå vikarbyrå, noko som i sum vil vera dyrare enn å ha fleire faste tilsette, eller høgare stillingsprosentar. Vi innser at kommunen kan spare på å auka ramma for eldreomsorg i budsjettet, samstundes som bebuarar ved eldreinstitusjonar kan få ein tryggare kvardag med meir kontinuitet.

MDG vil arbeida aktivt for at eldre som bur på sjukeheimar og andre eldreinstitusjonar i kommunen skal få fersk, varm og kortreist mat av høg kvalitet. Måltida på institusjonane skal vera eit av dei daglege høgdepunkta for dei som bur der. Vi vil også styrkja heimesjukepleia, slik at dei som vil bu heime skal få gjera det lengst mogleg.

Det er viktig å rekruttera gode legar og sjukepleiarar til kommunen. For å sikre dette bør attraktive arbeidstilhøve og lønsordningar vurderast. Det bør vurderast bonusordningar for dei faste tilsette i ferieavviklingsperioden framfor innleige av fagpersonar.

Internasjonal samarbeid og solidaritet er viktige saker for MDG. Vi vil legge til rette for god integrering og mottak av flyktningar. Barn som kjem som flyktningar utan følgje av vaksne må takast særskilt godt vare på.

MDG tykkjer det er viktig å høyra på innbyggjarar før vi tek avgjersler som direkte angår dei. Før viktige saker som gjeld dei eldre vert endeleg avgjorde, skal Eldrerådet ha høve til å gje ei orientering i kommunestyret. Det same gjeld Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i saker som gjeld dei.

Miljøpartiet dei Grøne i Kvinnherad vil:

- Satsa meir på psykisk helse. Dette inkluderer kjøp av psykologtenester frå private leverandørar dersom kommunen ikkje klarar å vera attraktiv nok for å tilsetja nok kompetent personell
- Tilby fulltidsstillingar i helsesektoren
- Oppgradera Husnes sjukeheim slik at den vert tilpassa dagens og framtidas krav
- Støtte opp under arbeidet med å etablera eit helsehus på Husnes
- Sikra at det vert budsjettert nok etableringstilskot til bl.a. tiltak i heimen for eldre med svak økonomi, slik at dei kan bu lenger heime
- Aktivt arbeida for fersk, varm og kortreist mat på institusjonane
- Jobba for heimlevering av middag for heimebuande eldre som ynskjer det
- Auke støtta til foreldre som har tyngande ansvar for barn med nedsett funksjonsevne eller alvorleg sjukdom. Omsorgslønna må auka merkbart (tilsvarande nivå for sosialstønad e.l.). Tilbod om avlastning må vera i samsvar med familiane sine individuelle behov
- Foreldre som tar ansvar for barn med nedsett funksjonsevne, etter fylt 18 år, og der kommunen ikkje har omsorgstilbod tilgjengeleg, må få omsorgslønn eller tilsvarende, som er i samsvar med arbeidet som vert ytt

- Legge til rette for at NAV / kommunal side leverer rette tenester på rett tidspunkt. Det må også leggjast til rette for førebygging mot sosial ulikskap.
- Arbeida for ei meir offensiv demensomsorg i kommunen. Dette inneber mellom anna å legge til rette for eit tenestetilbod som er tilpassa den einskilde sitt behov

Kvinnherad kommune sin bustadpolitikk

I 2016 innførte Kvinnherad kommune marknadsleige for alle bustader som kommunen leiger ut. Kommunestyret innførte samstundes kommunal bustønad for økonomisk vanskelegstilte.

Miljøpartiet Dei Grøne i Kvinnherad vil:

- Vidareføra kommunal bustønad i heile komande valperiode - indeksregulert årleg etter trygdeindeksen
- Redusera marknadsleiga med 10% for bueiningar utleigde av kommunen, og som er eldre enn 10 år (elles ordinær husleieregulering etter husleigelova)
- Syta for at kommunen ikkje tek marknadsleige for bueiningar som er tilknytte bufellesskap i sektor rus, psykiatri og Bu og habilitering
- Bebuarane i desse bueiningane skal få tilbod om å få kjøpa bustadane dei bur i innan utgangen av 2024, og kjøp skal kunna gjennomførast innan 2025 (Startlån og etableringstilskot skal kunna nyttast til desse kjøpa)
- Planlegging av bufellesskap på Husnes (Bu- og habilitering) må starta opp innan utgangen av 2024. Bufellesskapet skal byggjast som burettslag, slik at bebuarane kan eiga sine bustader.
- Få ei grundig gjennomgang av kommunen sin standard for vedlikehald av kommunale bustader. MDG vil ha god kvalitet på utleigebustadane, og vurderer å oppretta kommunalt bustadselskap dersom det kan føra til fortgang i vedlikehaldsetterslepet
- Startlån skal brukast så aktivt som mulig for å sikra innbyggjarane våre eigedomsrett til eigen bustad
- Etableringstilskotet for kjøp av- og tilrettelegging av bustad må vera på minimum 3 - 4 mill kvart år etter fordelingsnøkkel som vedteke i bustadsosial handlingsplan

Skule og oppvekst

Ein skule for alle

Barna representerer framtida – derfor er ein god og trygg barndom for alle ei hovudmålsetjing for Miljøpartiet Dei Grøne. I ein komplisert og samansett kvardag er det viktig å gi barn og unge tryggleik, nærleik og gode fysiske og psykiske utviklingsmogelegheiter med gode rammer. Å oppdra og utdanne unge menneske er eit ansvar for heile samfunnet, men hovudansvaret ligg hos dei unge sine egne føresetter.

Barnehagen og skulen skal vere ein plass for nysgjerrigheit og kunnskap, der barn kan vekse opp til samfunnsansvarlege medmenneske. Miljøpartiet Dei Grøne legg stor vekt på å gi barn og unge ei forståing av rolla si som verdsborgar, og å utvikle empati og medkjensle for andre menneske og kulturar, natur og dyr. Vi vil legge til rette for undring og læring om samanhengar i natur og samfunn.

Gode tilbod når det gjeld barnehage, skule, helse og eldreomsorg er eit offentleg ansvar.

Likevel kan dei offentlege institusjonane på desse områda supplerast med private, ikkje-kommersielle tilbod. Miljøpartiet Dei Grøne meiner det er viktig å støtte ikkje-kommersielle skular som fremjar alternativ pedagogikk, eller som er forankra i livssyn.

All opplæring må likevel skje etter offentleg godkjenning. Forming av opplæringsløpet for eit ungt menneske kan ikkje overlatast til den enkelte føresette, lærar eller skulen åleine.

Miljøpartiet Dei Grøne er villige til å bruke større ressursar på å sikre eit skule- og barnehagetilbod av høg kvalitet, men vi er mot å forlenge skuledagane. Barn og unge skal ha tid og høve til å lære og oppleve meistring også utanfor skulen, og vi ønsker ikkje ei utvikling kor vi bevegar oss i retning av ei institusjonalisering av barndommen.

I all samfunnsplanlegging, skulepolitikk, helsepolitikk og sosialpolitikk skal det takast omsyn til barna sitt beste.

Tilpassing og valfridom for den enkelte eleven må ha høgare prioritet enn i dagens skule. Individuell tilpassing inneber at det samtidig vert sett opp tydelege mål og forventningar til elevane. Lærarane sine rutinar for evaluering og rapportering må forenklast for å frigjere tid til undervisning. Skulens demokratiske mandat er viktig. Elevar, foreldre og personale skal ha medråderett over eigen skule. Medverknad i eigen skulekvardag er viktig.

Trivsel for alle er eit viktig mål i skulen. Barn skal lære å vise empati og vernast mot mobbing, mishandling, vanskjøtsel og overgrep, anten det skjer i heimen eller ute. På skulen skal elevane ha tilgang til ein rådgjever, psykolog og helseteneste. Alle har eit ansvar for å gripe inn når dei oppdagar mobbing.

I den vidaregåande skulen er det ei utfordring å oppretthalde ungdommane sin motivasjon, både for teoretiske og praktiske fag. For å motvirke trenden med at stadig fleire droppar ut av vidaregåande, er det viktig at det blir godt førebudd frå ungdomsskulen.

Miljøpartiet Dei Grøne i Kvinnherad vil:

- Leggja godt til rette for barn med funksjonsnedsetjingar og diagnosar
- Styrkja tilbod om møteplassar og språkopplæring til føresette og born som ikkje er i barnehage
- Styrkja folkehelsearbeidet, og sikra tett samarbeid mellom aktuelle hjelpeinstansar for born og unge som slit psykisk
- Helsesjukepleiar og utekontakt gjer eit godt førebyggjande arbeid i dag. Vi vil halda fram med å gje tilbod til alle skular for å ha faste stillingar for helsesjukepleiar.
- Gje skulane trygge og føreseielege økonomiske rammer

- Gi barnehageplass til alle barn som treng det, og gjere barnehageordninga meir fleksibel. Det må vere eit reelt høve for val mellom heil- og deltidstilbod.
- Bruke organisasjonar, som f.eks. Utdanningsforbundet, for å utvikle skulane i Kvinnherad.
- Satsa på kvalitet, rekruttering og bemanning i Kvinnheradskulen, framfor diskusjonar om skulestrukturen
- At personalet ved skular/barnehagar får gode vilkår for å etter/vidareutdanna seg for å møte dagens krav godt førebudd
- Vidareutvikla konseptet «Newtonrom» som ei realfagleg satsing og ein alternativ læringsarena til utforsking og tverrfagleg tilnærming
- At barn i barnehage og skule får større høve til kontakt med vaksne av alle generasjonar gjennom samarbeidsprosjekt med andre institusjonar i kommunen
- At barnevernet må organiserast slik at samarbeidet mellom kommunane og det statlege barnevernet (Bufetat) fungerer til det beste for barn som er avhengige av hjelp. Økonomi kan ikkje setjast framfor barnas beste. For kvar krone vi puttar inn i barnevernet, sparer vi store kostnader i helseutgifter og kriminalomsorg
- Innføre “Grønt flagg” i alle offentlege skular og barnehagar i Kvinnherad, ei ordning som omfattar både miljøopplæring og miljøsertifisering
- Gi barn med svak språkutvikling tilbod om ekstra støtte før skolestart.
- Gi skulefritidsordninga eit styrka pedagogisk innhald for å hjelpe elevar i småskulen som treng det fagleg.
- At praktiske emne og oppøving av motoriske ferdigheiter får ein større plass i grunnskulen, og at elevane får større høve til å lære praktiske fag
- Styrke banda mellom skulen og samfunnet, blant anna ved at elevane som ledd i undervisninga deltar i praktiske og samfunnsnyttige oppgåver i lokalmiljøet
- At kompetent personale, ikkje assistentar, skal ha ansvaret for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Dette krev ein god plan for tiltrekking av den naudsynte kompetansen
- Vi vil jobba å få på plass fleire miljøterapeutar i skulen, slik at kvar einskild elev kan få støtte til optimal utvikling av trygge rammer rundt seg.
- At dei eldste trinna på skulen styrker samarbeidet med næringslivet
- Alle skular skal ha eit handlingsprogram for trivsel og mot mobbing
- Gi praktiske emne og daglege ekskursjonar i naturen større plass
- Arbeide for at grunnskular får eigen skulehage og/eller tilgang til parsellar i nærområdet. Dette kan brukast til både naturfag og mat & helse. I tillegg kan det vere ein praktisk aktivitet som heile elevmassen er delaktig i
- Innføre eit tak på 15 elevar per gruppe i barneskulen, og 20 elevar i ungdomsskulen
- Sterk reduksjon i krav til rapportering som ikkje er med på å fremje læring
- Utvikle ei ordning med frukt og grønt til å omfatte heile grunnskulen, og på sikt innføre eit dagleg gratis, miljøriktig og sunt skulemåltid
- Auka kompetansen hjå tilsette når det gjeld korleis ein skal handtera mobbing og fareteikn for born som blir utsette for vald eller misbruk utanfor skuletid

- Vidareføring av ordninga med gratis SFO
- Sørge for at skulen og lærarane har ressursar til å gi borna ein i hovudsak skjermfri 1.-4. klasse, utan personlege nettbrett/pc og heimsending av nettbrett/pc. Samstundes må også digitale verktøy vera tilgjengelege og oppdaterte for lærarane når dei ser pedagogisk nytte av det.

MDG meiner at samfunnet si viktigaste oppgåve er å sikra at born og unge utviklar seg til skapande menneske med sjølvtilitt, sjølvinnsikt, samt forståing og vilje til å ta ansvar for seg sjølve og omgjevnadane sine. Ein god offentleg barnehage og skule skal vera hjørnesteinen i skulesystemet og tilby både pedagogisk mangfald og tilrettelegging for det einskilde barnet.

Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for at vi har barnehagar og skular i Kvinnherad som inkluderer og motiverer, og som motverkar mobbing og utanforskap. Barnehagar og skular må bidra til at born og unge utviklar seg og blir trygge på seg sjølv, og tilsette må ha god pedagogisk og fagleg kompetanse. Elevar som er i fare for å falle ut av skulen skal få hjelp så raskt som mogleg.

Kvinnherad kommune skal vere ein barne- og ungdomsvenleg kommune også etter skuletid. Det finst mange gode aktivitetstilbod for born og unge i Kvinnherad kommune. MDG vil arbeide for at alle får tilgang til desse tilboda. Difor vil me bidra til at det kostar minst mogleg å delta i aktivitetane. Me vil også sikra at born og unge med særskilte behov får ein god oppvekst i kommunen.

- Etablere møteplassar for ungdom i dei største bygdene
- Prioritera tidleg innsats, men utan overdriven testing og vurdering
- Det er barnehage og skule som er grunnsteinen for framtida. Vi ynskjer at barnehagar/skular har høve til å nytta naturen for å få ei breiare forståing av samspelet *i* natur og *med* natur.
- Utnytta potensialet til læring og forskingsformidling som ligg i Folgefonnsenteret, relatert til miljø, klima og berekraft. Det skal utarbeidast læringstilbod retta inn mot alle skuleelevar i kommunen
- Ha matlaging i barnehagane, med vekt på kortreiste råvarer

14.08.2023